


ÅL KOMMUNE



Årsplan for Nordbygdene barnehage 2025–2026



Innhold

1.0 INNLEIING	2
2.0 VERDIGRUNNLAG	3
2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	3
2.2 Nordbygdene barnehage.....	4
3.0 FORMÅL OG INNHALD	5
3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	5
3.2 Nordbygdene barnehage.....	6
4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON	9
4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	9
4.2 Nordbygdene barnehage.....	10
5.0 BARNES MEDVERKNAD	11
5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	11
5.2 Nordbygdene barnehage.....	11
6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE.....	12
6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	12
6.2 Nordbygdene barnehage.....	12
7.0 SAMARBEID	13
7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	13
7.2 Nordbygdene barnehage.....	14
8.0 OVERGANG	15
8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	15
8.2 Nordbygdene barnehage.....	15
9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ	16
9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	16
9.2 Nordbygdene barnehage.....	16
10.0 VURDERING	17
10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	17
10.2 Nordbygdene barnehage.....	18
11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK.....	18
11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	18
11.2 Nordbygdene barnehage.....	18
12.0 BEREKRAFT	19
12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	19
12.2 Nordbygdene barnehage.....	19

1.0 INNLEIING

Ål kommune ynskjer at barn og føresette i dei kommunale barnehagane skal oppleve å møte ein felles kvalitet på det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Det er utarbeidd felles årsplan med ein generell del og ei konkretisering av den enkelte barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Ny rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen vart sette i verk frå 1.august 2017 og er ei forskrift til barnehagelova. Årsplan skal synleggjere korleis barnehagen omset føringane frå rammeplanen og oppvekstsektoren sitt styringsdokument til pedagogisk praksis. Figuren til høgre viser samanhengen.

Årsplan skal ha fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for personalet for å styre barnehagen i ei medviten pedagogisk retning
- eit utgangspunkt for at føresette skal ha høve til å påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for tilsyn i kommunen med barnehagen
- informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommunen, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte

Lov om
barnehag
e

Rammepl
an for
barnehag
ens
innhald
og
oppgåver

Oppvekst
2030

Årsplan

Lokale
planar

2.0 VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. (...) Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Rammeplan 2017, s. 7).

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

I oppvekstsektoren i Ål er Oppvekst 2030 styringsdokument med visjonen er: *Open – Grundig – Modig.*

Hovudmålsettinga er:

- *Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.*
- *Stimulere ressursane og styrkane hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.*

Oppvekstsektoren skal støtte opp om Ål kommune sitt overordna mål om å vera ein god stad å bu og leva, med eit berekraftig lokalsamfunn. Sektoren bidreg til å oppfylle kommuneplanen 2015-2027 (Ål kommune, 2014) ved å sikre eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.

I barnehage og skule skal alle barn og elevar oppleve verdiar slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv, der ein har positiv interesse for andre sitt liv, naturen som ein ressurs vi skal ta vare på, lokalsamfunnet som eit naturleg fundament for samanhengskraft i bygda. Vi skal i Ål kommune bygge opp menneske som blir rotfaste og flygedyktige. Med dette som bakteppe arbeider sektoren mot hovudmålsetjinga; i eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv. Vi skal legge vekt på å stimulere og synleggjere ressursane og styrkane til alle barn, unge og vaksne i sektoren. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse og styrker. Det er våre kompetansar og styrker som motiverer oss, det er styrkane våre som gjer at vi blir i stand til å hjelpe dei som treng hjelp. Forståing for det enkelte barn og den enkelte ungdommen må vera berande i oppvekstsektoren. Vi må forplikte oss på å arbeide for å fremje og støtte meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og interesse for positive sosiale fellesskap og læring hos alle barn og ungdom i Ål kommune.

2.2 Nordbygdene barnehage

VÅR VISJON:

☺ **LEIKEGLEDE OG
LÆRINGSLYST I EIT
INKLUDERANDE FELLESSKAP** ☺

GRUNNVERDIANE VÅRE:

ALLE BORN I NORDBYGDENE BARNEHAGE SKAL OPPLEVE:

- Å verte respekterte og verdsatt for den dei er
- Omsorg og inkludering i eit aldersblanda fellesskap i barnehagen
- Leik og aktivitetar som gjev dei kjensle av glede, meistring og meningsfull læring
- Alle vaksne som varme, anerkjennande og tydelege (= autoritative vaksne)
- Glede og humor i kvardagen
- Nærleik og kjennskap til eit levande bygdemiljø med fokus på vår kulturarv, lokalhistorie og folk som bur i bygda
- Turar som gjev dei positive naturopplevingar og kjennskap til mangfaldet i naturen
- Positive møtepunkt mellom ulike aldersgrupper slik at overgangen frå barnehage til skule blir trygg og god
- Å bli høyrd og sett slik at dei kan vere med å påverke kvardagen i barnehagen
- Hjelp og støtte til å takle følelsar både i motgang og medgang
- Å få høve til å roe seg ned og slappe av/kvile i løpet av dagen

For å lykkast med å gjere born i stand til å meistre livet dei skal møte, er personalet avhengig av:

- God kontakt og godt samarbeid med føresette
- Hjelp og støtte frå andre instansar/fagfolk

3.0 FORMÅL OG INNHOLD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (...) Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. (Rammeplan 2017, s. 19).

Omsorg	Leik
Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barna skal oppleve at dei blir sette, forstått og respektert, og at dei får den hjelpa og støtta som dei har behov for. Det skal leggjast til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.	Leiken ute og inne skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.
Danning	Læring
Barnehagen skal fremje samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og blir følgt opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet.	Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre seie læring i eit stimulerande miljø.
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.	Barnehagen skal vera medviten på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvarden.

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune er ei nynorsk kommune

- Barna i barnehagen skal bli kjent med nynorsk i munnleg og skriftleg form
- Barna får erfaring og kjennskap til hallingdialekten, andre dialektar og det språklege mangfaldet i den einskilte barnehagen


- Dei føresette får informasjon om at barna vil møte nynorsk som hovudmål i skula. Og at alle elevar i norsk skule skal lære seg to skriftspråk (nynorsk og bokmål)
- Barnehagen fylgjer retningslinene i "Målbruksplan for Ål kommune".

3.2 Nordbygdene barnehage

For å arbeide i samsvar med rammeplanen og kommunale føringar, gjer me følgjande:

- **OMSORG OG DANNING**
- har ein tilsett på avdelinga som følgjer barnet tett ved oppstart og i bli-kjend-tida
- er nærverande og ansvarlege vaksne som kontinuerleg observerer trivsel, leik og utviklinga til borna (individ og gruppedynamikk)
- praktiserer den autoritative vaksenstilen der personalet viser varme og omsorg, samstundes som dei er tydelege og sett grenser for borna, og der born/vaksne systematisk øver på sosiale ferdigheiter gjennom året (sjå eigen progresjonsplan)
- drøftar barnet si utvikling og trivsel med føresette jamleg (foreldresamtaler ved oppstart av nye born, for alle 2 g/år, elles etter ynskje og behov)
- har rutinesituasjonar med tydelege forventningar og mål (sjå under):

Rutinesituasjon:	Målsetjinga vår er at:
MÅLTID	- borna får tid og anledning til å ete seg god og mette - personalet legg vekt på sunn mat ved fellesmåltid jmf. helsemyndigheitene sine retningsliner for mat og måltid i barnehagen - det sosiale fellesskapet rundt matbordet skal leggjast vekt på - borna øver seg på å verte sjølvstendige og lærer seg sosiale ferdigheiter ved matbordet (t.d. takke for maten, sitje i ro, hjelpe andre)



KVILE/RO	- born som ynskjer det, skal få slappe av og kvile litt i lesestolen etter dugurd. (soving for dei yngste) - borna skal øve seg på felles merksemd og konsentrasjon i små grupper delar av dagen - personalet skal legge til rette for gode lese- og pratetider i kvardagen
SAMLINGAR OG AKTIVITETAR	- personalet legg til rette for varierte tema og aktivitetar som motiverer borna til å vere aktive, nysgjerrige og utforskande. - samlingar med borna er ei hyggestund der varierte og positive opplevingar er i fokus - borna lærer seg til å lytte til andre, deltar aktivt sjølve og øver på å halde merksemda si om noko "felles"
RYDDING	- borna oppmuntrast til å rydde etter seg sjølv ved matbordet, etter leik og i garderoben ved av-/påkledning - alle deltek når det er felles ryddetid
LEIK UTE OG INNE	- gjennom leik vert alle kjende med og trygge på kvarandre, opplever eiga meistring, får erfaring med ulike sosiale relasjonar og lærer seg til å inkludere og respektere andre omkring seg - personalet er observerande, delaktig, engasjert og legg til rette for nye impulsar i borna sin leik.
AV- OG PÅKLEDNING	- borna oppmuntrast til å trene på av- og påkledning slik at dei etter kvart kan klare seg sjølv utan hjelp i frå vaksne.

• **LEIK OG LÆRING**

For å oppnå meningsfull leik og læring i Nordbygdene barnehage vil personalet:

- sjå til at alle barn får delta i leik og får hjelp til å byggje gode relasjonar til andre born
- gruppedeling i både aldersblanda og aldersinndelte grupper
- legge til rette for eit fysisk læringsmiljø som er motiverande, stimulerande og tek omsyn til barn sin medverknad
- personalet sine "leikevakter" skal vera tilstade med barna i leiken, - lytte til barna og følgje opp deira initiativ, inspirere og gje nye impulsar
- vere bevisst på når den vaksne skal gå «foran, ved sida eller bak» i leiken til barna.
- gje borna nye impulsar og inspirasjon til leiken gjennom tverrfagleg temajobbing, turar, opplevingar og besøk i nærmiljøet
- sjå til at følgjande fagområde vert vektlagt gjennom året jmf. rammeplan:
 - Kommunikasjon, språk og tekst
 - Kropp, rørsle, mat og helse
 - Kunst, kultur og kreativitet
 - Natur, miljø og teknologi
 - Mengd, rom og form
 - Etikk, religion og filosofi
 - Nærmiljø og samfunn

Avdelingane lagar eigne ½-årsplaner for tema, prosjekt og tradisjonar haust og vår.

- **VENNSKAP OG FELLESSKAP**

Nordbygdene barnehage er ein «Være Sammen»-barnehage. Dvs. at me nyttar programmet «Være Sammen» for å jobbe systematisk med relasjonsbygging, sosial kompetanse/danning, følelsar og konfliktløysing.

(sjå eigen progresjonsplan)

Hovudmålet i barnehagen vår er at det er eit godt psykososialt miljø her der borna kjenner seg trygge og inkludert i fellesskapet med støtte frå varme og grensesetjande vaksne. All adferd som er krenkande og sårande skal ikkje akseptast av dei vaksne, og foreldre og personalet skal ha tett samarbeid omkring slike saker jmf. «Godt psykososialt barnehagemiljø» - ei regional plan for barnehagane i Hallingdal.



Være saman»-programmet innhald:

- kompetanseheving av personalet med vekt på relasjonsbygging, styrkebasert tankesett, inkludering av alle og handtering av utfordrande adferd.
- nytte «Være sammen»-materiell med borna i bestemte veker gjennom heile året. Her er historia om Regnbueløva og Løveloven svært sentral, samt å lære om følelsar og korleis handtere ulike følelsar.
- gjere foreldre kjende med kva me jobbar med og kvifor ein **autoritativ vaksenstil** (= varm og grensesetjande) og styrkebasert tankesett er det beste for borna jmf. ny forskning.



- **KOMMUNIKASJON OG SPRÅK**

Språket vårt er eit viktig reiskap for å bli sett og høyrd i eit sosialt fellesskap. Born har behov for å bli forstått sjølv, men òg for å tolke og setje ord på andre sine uttrykk.

For å legge til rette for god språkutvikling i Nordbygdene barnehage, vil personalet:

- vere bevisst si eiga rolle som god språkmodell for borna
- hjelpe og støtte born til å delta aktivt i samtaler ved matbordet, i samlingsstund og i lek
- observere og følgje med på born si språkutvikling, ta i bruk kartleggingsverktøy ved behov (TRAS)
- setje i gang ekstra tiltak for born med forsinka språkutvikling så tidleg som mogeleg (internt og/eller i samarbeid med PPT/logoped)
- legge til rette for språkstimulerande aktivitetar og lek som t.d. språkverkstad, spel, lese bøker, samtaler i smågrupper
- BU (begrepsundervisning) blir nytta i kvardagen og på klubb med skulestartargruppa
- gjere born nysgjerrig på språkleg mangfold, og med spesielt fokus på hallingdialekta
- gje born kjennskap til nynorsk som skriftspråk ved å lese bøker på nynorsk og nytte nynorsk i songar og regler der det er naturleg
- låne ut nynorske barnebøker til heimane slik at føresette kan bli betre kjend med nynorsk som skriftspråk før borna startar opp på skulen



4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON

Arbeidsmåttane skal vareta barna sitt behov for omsorg og lek, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåttane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.

(Rammeplan 2017, s. 43).

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. (Rammeplan 2017, s. 44).

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området. Arbeidsmåtar viser til korleis personalet legg til rette for læring og utvikling. Dei skal vere varierte, tilpassa barna og i tråd med **Rammeplanen for barnehagen**. Det kan bland anna kome til syne gjennom lek, prosjektarbeid, turar og opplevingar, samtalar og observasjon.

Progresjon handlar om at barna får moglegheit til å utvikle seg vidare frå der dei er – både individuelt og som gruppe. Dette skjer bland anna gjennom å sjå kvart barn og gjere tilpassingar ut ifrå alder, gjentaking og vidareutvikling, individuell tilpassing og systematisk planlegging.

4.2 Nordbygdene barnehage

Val av arbeidsmåtar er viktig med tanke på å skape engasjement og motivasjon hjå born og vaksne. Born i barnehagealder har behov for nye erfaringar og opplevingar, få tilpassa utfordringar og kjenne på nye meistringsområde. Personalet har ansvar for å skape variasjon og progresjon i arbeidsmåtar som borna møter i løpet av barnehageåra sine, samt legge til rette for at born skal vere aktive deltakarar og medskaparar i arbeidsprosessar.

I Nordbygdene barnehage vil personalet legge vekt på:

- å vere nærverande vaksen i leiken til borna for å fange opp deira interesser og følge opp deira initiativ ved å bl.a. utvide leiken ved å tilføre nye element
- å vere nysgjerrige vaksne som undrar seg og skaper gode samtaler saman med borna
- å skape eit fysisk læringsmiljø som er inspirerende, varierende, sjølv-styrande og tydeleg for aldersgruppa
- å skifte mellom born sin frie, spontane leik og tilrettelagte stunder der born må øve på å ha felles merksemd
- å arbeide tverrfagleg med fagområda i rammeplan
- å ta seg god tid slik at born blir oppmuntra til «å klare sjølv» ved alle kvardagsaktivitetar som t.d. påkledning, måltid, do gåing m.m.
- å nytte skogen og området utanfor leikeplassen aktivt som opplevings- og læringsarena



5.0 BARNES MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda. Barnehagen skal vere medviten på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.
(Rammeplan 2017, s. 27).

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området.

5.2 Nordbygdene barnehage

Barn sin medverknad i barnehagen handlar om å vera ein del av fellesskapet, og aktivt vere med på å påverke dagen sin og det som skjer i barnegruppa.

For å oppnå barn sin medverknad, vil personalet i Nordbygdene barnehage:

- sjå til at alle barn er inkludert i fellesskapet på avdelinga og i gruppa si
- observere, vurdere og følgje opp barn sitt initiativ jmf. alder og modning
- la barna ta aktiv del og kjenne seg nyttig i fellesskapet ved å utføre arbeidsoppgåver saman med vaksne, t.d. kaste søppel, rydde og vaske på snuggedagar, maka snø, strøye grus. På Leikvollen er to og to born «vekas gode hjelpere», og desse har ulike ansvarsoppgåver gjennom veka.
- ha samtaler med born i grupper for å få tak i deira tankar og syn om barnehagekvardagen og spesielle arrangement (Leikvollen)
- gjennomføre jamlege individuelle barnesamtaler (minst to g/år på Leikvollen)
- oppmuntre barna til å uttrykke egne ynskjer og meiningar, men samstundes tilpasse seg og lytte til dei andre sine behov



6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. (Rammeplan 2017, s. 15).

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Overordna tema i både barnehage og skule i Hallingdal er «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Barnehagane har frå 2023 hatt fokus på kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som skal bidra til at alle barn får oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod, få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnadene sine. Det pedagogiske tilbodet skal bidra med at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring gjennom kvardagen i barnehagen.

Utviklingsarbeidet skjer i samarbeidet med PPT Ål, og me driv på med opplæring av analyseverktøyet *Pedagogisk analyse*.


Pedagogisk analyse er ein metode som blir brukt i barnehage og skule for å forstå og vurdere situasjonar som påverkar barn si læring, utvikling og trivsel. Målet er å finne gode løysingar og tiltak som støttar barnet på ein heilskapleg måte.

Pedagogisk analyse skal bidra til:

- Forstå barnet betre
- Betre tverrfagleg samarbeid
- Ta gode faglege avgjerder
- Dokumentere arbeidet på ein profesjonell måte

6.2 Nordbygdene barnehage

I Nordbygdene barnehage jobba tilsette med å sjå borna sine styrkar. Me brukar pedagogisk analyse som verktøy for gode refleksjonar og analyse av vårt pedagogiske arbeid. Tilsette bruker styrke-kort frå SMART oppvekst ved å gje styrkar til borna for at dei skal utvikle god sjølvkjensle og kjenne på sjølvtilitt når dei meistrar noko. Smart oppvekst er ein metode som skal bidra til robuste born og unge som taklar det livet byr på i medgang og motgang.



I Nordbygdene barnehage vil personalet:

- Introdusere og bruke styrkekort for borna på Leikvollen
- Ved barnesamtalar får born styrke frå den vaksne.
- Ved foreldresamtalar snakkar me om styrka til borne.
- Bursdagsbok der born får gode ord frå andre born - Leikvollen.
- Personalet nyttar pedagogisk analyse som arbeidsmetode på møter.
- Personalet er varme og grensesettande vaksne i samspel med barn (= autoritative vaksne)
- Personalet støttar og rettleiar barn i leik

7.0 SAMARBEID

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammeplan 2017, s. 29).

Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å samarbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet. (Rammeplan 2017, s. 16).

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Samarbeid mellom heimen og andre hjelpeinstansar er viktige i arbeidet for barnets beste. For å sikre samarbeid har Ål kommune desse føringane:

I «**Trygg oppvekst Ål**» nyttar ein på individnivå ein samhandlingsmodell kalla betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen). Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene. Det er ein samhandlingsmodell for tilsette i sektoren og skisserer handlingskjeda når undring oppstår. Modellen sikrar at føresette blir tidleg involvert og at det alltid er ein som har ansvar for framdrift i saka.

Barnehagane har eit tett samarbeid med **Familiens hus** som har organisert småbarnsteam. Småbarnsteam består av helsesjukepleiar, pedagogisk psykologisk rådgjevarar, jordmor og ein person frå psykisk helsevern.

Dei kan vera med inn i barnehagar og hjelpe barnehagane i arbeidet som forgår på system- og individnivå. Dei har også faste tilsette som er med inn i primærkontaktmøter i barnehagane.

Alle avdelingar inviterer også til foreldremøte som er felles eller avdelingsvis, alle får tilbod om foreldresamtale og det blir invitert inn til ulike samkomer der foreldre får anledning til å bli kjent på tvers av avdelingar.

7.2 Nordbygdene barnehage

SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR:

For å sikre at alle skal få eit godt og trygt tilbod til beste for barna sin oppvekst og utvikling, samarbeider barnehagen med andre hjelpetenester på følgjande måte:

- TVERRFAGLEGLEG MØTE: ca. 1 – 2 møter i året
- PRIMÆRKONTAKTMØTE: Ca. kvar 6.veke. Leiargruppa i barnehagen har drøftingsmøte med primærkontakten vår på PPT. Dette er meint som eit uformelt møte der saker og undringar kan drøftast på eit tidleg stadium. Foreldre kan ta kontakt med pedagogisk leiar eller styrar dersom dei ynskjer å ta opp saker her.
- Ved undringar eller spesielle utfordringar vil me setje ned eigne DRØFTINGSGRUPPER med aktuelle fagpersonar som kan følgje opp enkelt saker jmf. «Trygg oppvekst» og «BTI-modellen» (t.d. helsesyster, fysioterapeut, PPT, psykisk helse)
- Helsestasjon, barnefysioterapeut og barnehagene i Ål kommune samarbeide om å gjennomføre delar av 4-ÅRSKONTROLLEN i barnehagen.
- LOGOPED: blir brukt til kartlegging av språk, rettleiing og faste logopedøker ved behov.
- **Viktig:** Dersom me ynskjer å drøfte forhold kring einskildebarn, skal foreldre alltid informerast, gje samtykke og evt. inviterast med på møtet.
- Teieplikta kan ikkje overstyre §22 i barnehageloven om opplysningsplikta personalet har vedrørande bekymringsmeldingar til barnevernet.

SAMARBEID MED FORELDRE:

a) Kjenneteikn på eit godt foreldresamarbeid:

- Begge partar har barnet sitt beste i fokus!
- Begge partar har ansvar for å skape god dialog i kvardagen!
- Begge partar lyttar og respekterer kvarandre sine synspunkt!
- Begge partar informerer kvarandre om viktige hendingar el. opplevingar som kan påverke barnet!

- b) Personalet legg til rette for eit godt samarbeid med foreldre ved å:
- ta ansvar for å få i gang ei god samtale med barn og foreldre på morgonen
 - ha dagleg kontakt med foreldre ved henting, og gje alle ei tilbakemelding om korleis dagen har vore for barnet
 - å gjennomføre 2 – 3 foreldresamtaler i året
 - arrangere foreldremøter der foreldre har høve til å uttale seg, koma med egne synspunkt og verte kjend med dei andre foreldra på avdelinga (foreldrenettverk)
 - ta tilbakemeldingar som kjem frå foreldre på alvor ved å drøfte saka i personalgruppa med ei løysingsorientert innstilling (= styrkebasert tilnærming)
 - sjå til at foreldrerådet (= alle foreldre) velgjer nytt FAU (foreldrearbeidsutval) og SU (samarbeidsutval) kvar haust



8.0 OVERGANG

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, overgang mellom avdelingar, overgang til skule og skulefritidsordning (SFO). (Rammeplan 2017, s. 33).

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd “Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune”. Denne planen inneheld mellom anna rutine ved overgang frå barnehage til barnehage og frå barnehage til barneskule. Sjå eigen plan på heimesida til Ål kommune.

8.2 Nordbygdene barnehage

Kva gjer personalet for å legge til rette for gode overgangar?

a) Frå heim til barnehage:

- Kwart barn har sin tilsett på avdelinga som følgjer barnet tett den fyrste tida i barnehagen
- Nærleik og relasjonsbygging med barn og føresette
- Oppstartsamtale med pedagogisk leiar i løpet av fyrste månad

- Vere i ro på avdelinga i starten, ha fokus på å bli kjend med og trygg på dei andre borna, dei andre vaksne og på dei faste rutinane i barnehagen inne og ute

b) Frå avdeling til avdeling:

- Ha felles møtepunkt gjennom heile året: felles frukost, tur dagar, songstunder, leik på tvers av avdelingane m.m.
- Informasjonsflyt og god kjennskap til alle borna i heile barnehagen
- Besøksdagar på Leikvollen i mai- juni for dei som skal bytte avdeling etter sommarferien

c) Frå barnehage til skule:

- Felles møtepunkt for skule- og barnehageborn gjennom året som t.d. leik på uteplassen, fellessamling i gymsalen ca. 1 g/mnd., konsertar m.m.
- Gjennomføre «Plan for overgang bhg – skule i Ål kommune» ved å utarbeide årshjul i samarbeid med Nordbygdene skule i september.
- Lage intern plan for overgangsrutinane . Denne blir levert ut til alle skulestartarforeldre på foreldremøtet i haust.
- Eige foreldremøte for alle skulestartarforeldre som skal starte opp ved Nordbygdene skule i februar/mars

9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal førebygge tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. (Lov om barnehage kapittel 8).

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd ein plan regionalt i Hallingdal for “Godt psykososialt barnehagemiljø”. Denne planen inneheld mellom anna rutine for kva barnehagane skal gjera om dei ser at eit barn opplev krenkingar, samarbeid mellom heim og barnehage og kva for pliktar personalet i barnehagen har.

9.2 Nordbygdene barnehage

Planen «Godt psykososialt barnehagemiljø» og “Rutine for å ivareta eit godt psykososialt barnehagemiljø” er utarbeidd av barnehagefagleg ansvarlege i Hallingdal og er gjeldande for alle barnehagane. Dokumenta konkretiserer innhaldet i desse paragrafane:

- § 41 “Nulltoleranse og forebyggande arbeid”,
- § 42 “Plikt til å sikre at barnehagebarna ha et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø”
- § 43 “Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn”

10.0 VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplan 2017, s 38).

10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Formålet med vurdering er å vurdere om ein driv verksemd i tråd med fastsette mål. Vurdering er også til hjelp for å vere ein organisasjon i positiv utvikling, ein lærande organisasjon.

Oppvekstkontoret i Ål kommune nyttar desse formane for vurdering:

- Strategikonferanse
- Medarbeidarundersøking og foreldreundersøking
- Tilsyn



10.2 Nordbygdene barnehage

Kvart enkelt barn sin trivsel, samspelet i mellom barn - barn og barn – voksne og læringsmiljøet i barnehagen generelt skal vurderast fortløpande og jamleg. Noko som blir gjort på avdelingsmøter og personalmøta, i tillegg til uformelle samtaler med foreldra.

Andre sider ved barnehagen sitt arbeid skal beskrivast, analyserast og tolkast i forhold til bestemte mål og kriterium (t.d. rammeplan, årsplan, kommunale planer, handlingsplan for Betre Læring).

Styrar har hovudansvar for å setje i gang vurderingsarbeidet på ein planlagt og systematisk måte, men det er viktig at alle partar deltek i dette arbeidet (barn, foreldre og personalet). Resultatet av vurderingsarbeid skal leggjast til grunn for arbeidet vidare i barnehagen.

Målsetjinga vår er:

- å alltid gjere arbeidet vårt betre og heve kvaliteten på tilbodet vårt
- å nytte pedagogisk analyse som verktøy for å reflektere og prøve ut nye aksjonar internt i barnehagen el. på avdelinga

11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplan 2017, s 56).



11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart den 29. November 2024 re-godkjent som ei trafikksikker kommune. For barnehagar er det eit krav om at trafikksikkerheit er synleggjort i årsplan og eigne rutinar.

11.2 Nordbygdene barnehage

Barn i barnehagealder er ikkje modne nok til å ta ansvar for seg sjølv i trafikken. Trafikksikkerheit er dei voksne sitt ansvar og omfattar fysiske tiltak, fartsgrenser, sikker transport av barn og trafikkopplæring. Grunnlaget for haldningar til sikkerheit i trafikken vert lagt i barneåra og difor må trafikkopplæring starte tidleg. Vaksne er viktige rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til refleksjon, risikoforståing og til å ta andre sitt perspektiv.

Nordbygdene barnehage har valt å nytte «TARKUS» som er Trygg Trafikk sitt pedagogiske verktøy tilrettelagt for barnehagebarn. Handdokka «Tarkus» er eit beltedyr som gjennom sine historier og bilet-plansjar fortel barna kva som er rett og kva som er lurt å gjere i trafikken.



For at Nordbygdene barnehage skal vere trafikksikker, så vil me:

- rettleie, informere og reflektere saman med barna om trafikkreglar og trafikkrisiko når me er ute på tur i trafikken
- ha besøk av «Tarkus» i samlingsstund med jamne mellomrom gjennom heile året og lære litt om refleksbruk, sykkelhjelm, bilbelte/bilsete, fortau, gangfelt, trafikkskilt m.m.
- ta opp «Trafikksikker barnehage» som tema på fyrste foreldremøte kvar haust. T.d. info om parkering ved bringing/henting, dei vaksne sitt ansvar som gode rollemodellar for barn i trafikken, bruk av sikkerheitsutstyr i bil, barnehagen sine rutinar for trafikktryggleik m.m.

12.0 BEREKRAFT

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærar av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. (Rammeplan 2017, s. 52)

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærar av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. (Rammeplan 2017, s. 52)



12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart i juni 2025 sertifiserte som miljøfyrtårn. Ved å vera miljøfyrtårn bidreg barnehagane aktivt til ei berekraftig framtid.

12.2 Nordbygdene barnehage

Nordbygdene barnehage ble juni 2025 sertifisert som miljøfyrtårn.

Tiltak Nordbygdene barnehage praktiserer per i dag:

- Nyttar «Brev frå Ugly» som eit pedagogisk opplegg med borna. Ugly fortel om kva som er viktig å hugse på når vi ferdast i naturen (naturvakt.no)
- Sorterer søppel (papir, glass/metall, mjølkekartongar, plastikk)
- «Byttekrok»» der føresette kan levere klede, sko til borna og ta med seg av det som heng der (FAU har ansvar for byttekroken)